

**REGULERINGSPLAN FOR SANDE - del I,  
Gaular kommune  
Område sør for Gaula, mellom RV 610 og elva.**

**REGULERINGSFØRESEGNER**

**Pgr. 1.**

192/95

- 1.1 Avgrensinga av planen er vist på reguleringsplanen med plangrense.

**Pgr. 2.**

- 2.1 Området er regulert til:

BYGGEOMRÅDE - bustadformål  
- offentlig formål  
- sentrumsfunksjonar  
- blanda formål sentrum/industri

TRAFIKKOMRÅDE - ålment trafikkareal/køyreveg  
- gangveg/fortau

FRIOMRÅDE - friareal, park

SPESIALOMRÅDE - kommunal tekniske anlegg

**Pgr. 3.**

**FELLESFØRESEGNER**

**3.1 BYGNINGSMASSE**

Bygningsmassen skal ha saltak eller liknande form for skråtak, med takvinkel min. 25 .

- 3.2 Bygningane kan oppførast med inntil to etasjar. Bygnings-rådet kan i særlege tilfelle godkjenne at deler av bygningsmassen vert oppført med ein tilbaketrekt 3. etasje.

- 3.3 I samband med byggemelding skal det framleggast plan for uteareal med trafikkareal, parkering, grøntanlegg m.m. for godkjenning av bygningsrådet. For dei områda som det er naturleg å sjå på som ei eining, skal det framleggast utbyggingsplan for heile området under eitt (etter pgr. 28-2 i PBL), før byggemelding for eit einskild bygg kan godkjennast.

- 3.4 Opparbeiding av uteareala skal utførast og stå ferdig til bruk når den aktuelle bygningen skal takast i bruk.
- 3.5 Bygningsrådet kan forby tiltak, verksemd og køyring innan området som etter rådet sitt skjøn verkar skjemmande, eller på andre måtar er til ulempe for om-gjevnaden.

#### **Pgr. 4.**

#### **OMRÅDE FOR BYGNINGAR.**

- 4.1 Reg.planen er ei vidareføring av kommunedelplanen. Intensjonen med planen er å legge tilrette for betre utnytting av utbygde tomter i Sande sentrum og klarlegge areal for framtidig sentrumsutvikling.

Område S4 skal ikkje opparbeidast/utbyggast før fortetting av områda S5 og S6 er søkt gjennomført.

#### **Pgr. 5.**

#### **FRIOMRÅDE**

- 5.1 Friområda langs Gaula skal i utgangspunktet ligge som naturområde. Tynning av skog og anna naturleg skjøtsel og mindre terrengtiltak er tillate innan området.

#### **Pgr. 6.**

#### **GENERELT**

- 6.1 Bygningsrådet kan gjere mindre unntak frå plankartet og føresegnene innafor rammer som til kvar tid er fastlagde i gjeldande plan- og bygningslov, vedtekter og forskrifter.

Førde 12.01.93  
KjM

Godkjent Gaular Bygningsråd  
Sak PL4.05/94 - møte 29.06.94.

Rev: 07.07.93 - KjM.  
Rev: 25.05.94 - KjM.  
Rev: 25.08.94 - KjM.